

Elevane sitt val av framandspråk på ungdomsskulen 2020-2021

Nasjonalt senter for engelsk og framandspråk i opplæringa - Notat 01/2021

Samanfatning

Tala for val av framandspråk vert publiserte av Utdanningsdirektoratet i desember 2020 og interessa for framandspråk har aldri vore mindre i norsk skule. Under er dei viktigaste poenga:

- Prosenttalet elevar som vel framandspråk er rekordlågt, med 74,1 %.
- Skilnaden mellom spansk og tysk aukar, medan fransk held seg stabilt
- Dei fleste som ikkje vel framandspråk vel arbeidslivsfag
- Engelsk, norsk, samisk og matematikk fordjuping er stabile
- Italiensk og russisk har ei positiv auking i år


Det er til saman 64.058 elevar i 8. klasse i Noreg i skuleåret 2020-2021. Prosenttala i dette notatet er som vanleg rekna ut frå talet på elevar som har framandspråk eller fordjuping i engelsk, norsk, samisk, matematikk eller arbeidslivsfag. Dette talet er i år 62.579.

Alle tala i notatet er henta frå Grunnskolens Informasjonssystem¹


¹ <https://gsi.udir.no/>

Aldri har færre valt framandspråk i norsk skule

I år har 74,1 % av Noreg sine 8.-klassingar valt framandspråk. Det er ein nedgang på 1,4 % frå i fjor, og akkurat like stor nedgang som året før. I fjor var den største nedgangen på over ti år, og i år er talet altså like høgt. Talet på elevar som vel framandspråk har difor aldri vore lågare, sidan innføringa av Kunnskapsløftet i 2006.




Skilnaden mellom spansk og tysk aukar, medan fransk held seg stabilt



Skilnaden mellom spansk og tysk aukar. Spansk går opp 1,2 %, tysk går ned 2,2 % og skilnaden mellom dei er på heile 12,3 %. Fransk har heldt seg stabilt sidan 2015 og går ned 0,1 % sidan i fjor.


Arbeidslivsfag veks, medan dei andre faga er stabile



Arbeidslivsfag veks i same takt som åra før, elleve år etter at det vert innført. I år har arbeidslivsfag vekse med 1,3 %, nøyaktig det same talet som det vaks med i fjor. I framandspråk er nedgangen på 1,4 %. Samanhengen er dermed tydeleg: Fleire vel arbeidslivsfag i staden for framandspråk.

Engelsk fordjuping aukar frå 10,6 % til 10,8 %. Norsk fordjuping går frå 1,1 % til 1,0 %. Matematikk fordjuping opplev ei liten nedgang frå 1,2 % til 0,9 %. Samisk fordjuping ligg stabilt på 0,04 %.

Fleire valde italiensk og russisk i 2020



Russisk var i fjor på det lågaste nivået nokon gong, med i år har fleire valt det. I fjor valde ingen italiensk, medan i år er det 21 elevar. Talet på andre svingar, noko som er vanleg. Dei fleste av elevane som har andre framandspråk har kinesisk og samisk.

Oppsummering

Interessa for framandspråk har aldri vore mindre i norsk skule. Den negative trenden fortset frå i fjor. Sjølv om det er gledeleg at italiensk og russisk i år har fleire elevar, er det no over 25 % som ikkje vel framandspråk på 8. trinn. Vi veit òg at litt over 10 % av elevane som vel framandspråk i 8. klasse, ikkje fullfører det i ungdomsskulen og byter undervegs. (Sjå notat frå tidlegare år om fråfall)

Det vil seie at talet på elevar som fullfører tre år med framandspråk i ungdomsskulen berre er på om lag 60 %. Kva vil det ha å seie for mangfald i kompetanse og moglegheiter og interesse for utveksling, studentmobilitet og internasjonalt arbeid seinare i livet? Framandspråksenteret ser med bekymring på utviklinga, og for status og kvalitet på framandspråkfaget i norsk skule.

Øystein N. Øksenvåg
Høgskolelektor, Rådgjevar for språkval
Halden, januar 2021